

Referat frå styremøte VH 09.09. 2024 på Museet

Møtte: Arne Erik Fønhus, Ole Aa Bråten, Ivar Aars, Jon Bratrud, Nils Rogn, Anne Marit Lien Framnes, Torill Grønbekk, Ingebjørg Moe.

Fråverande: Tore Hovda, Tove Grethe Kolstad.

Sak 18/24 Søknadar til Kirkevoldarven

- Søknad frå forlaget DÅ Måta om utgjeving av bok om Sølvskatten skrive av Anne Mette Strand

Vedtak: kr. 20000 til bokutgjeving. Vi ser fram til ferdig produkt.

- Søknad frå Sælshagen Gråtassforening om tilskot til stålhall til lager m.m.
Vedtak: Avslag på søknaden. I tråd med intensjonane om bruk av fondet kan vi ikkje gje midlar til bygg, men om foreininga på eit seinare tidspunkt har planar om dokumentasjon eller større arrangement, er dei velkomne til å söke på nyt.

Sak 19/24 Utgjeving av Valdresleksikon av Ivar Aars

Ivar skriv til styret at han gjerne ser denne saka blir drøfta på styremøtet. Spørsmålet er om styret har vidare tankar om eventuell utgjeving av eit Valdresleksikon eller ikkje.

Vedtak: Styret ser mykje positivt på det store arbeidet som er gjort, og ser det som svært viktig at det blir teke vare på og gjort lett tilgjengeleg for folk flest. Utgjeving av eit leksikon på 1500-2000 sider (3 band?) kan ikkje styret ta på seg det økonomiske ansvaret for, men digitalisering av materialet kan støttast.

Sak 20/24 Årboka

Nils orienterte.

Re-teika logo, føreligg som filer i fargar og svartkvitt.

Boka blir på 224 sider Ferdig til Rakfisken (håpar me), fyrste helga i november, 750 i opplag. Omslagbilete av Ivar Aars med namnetrekk.

Sak 21 /24 Utvandrarjubileet 2025

Etter orienteringsmøtet med Utvandrarmuseet i vår kom det fram ide om temadag på Museet sumaren 2025 gjennom samarbeid med Museet og Valdres Historielag.

Ole arbeider med saka og Historielaget er med på det som blir.

Sak 22/ 24 Vedtekter

Arbeidsplan å ha klart framlegg til nye vedtekter haust 2024 i god tid så dei lokale laga kan uttala seg før årsmøtet 2025 (mai).

Vedtak: Handsama utkast med kommentarar neste styremøte 18.11. 2024

Sak 23/24 Møteplan vinteren 24-25

18/11, 6/1, 10/3, 7/4, og årsmøtet 10/5

Idear: Fellesmøte med alle lag? Digitalisering av årbøker, er i kontakt Nasjonalbiblioteket